



## MØTEPROTOKOLL FORMANNSKAP/PLAN- OG ØKONOMIUTVALET

**Møtedato:** 23.10.2019  
**Møtestad:** Heradsstyresalen, Dale  
**Møtetid:** 09:00 - 13:00

### Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Hege Eide Vik	SP	Ordførar
Kjartan Haugsnes	SV	Varaordførar
Amalie Johnsen Lunde	H	Medlem
Boris Groth	FRP	Medlem
Thor Andersen	AP	Medlem
Heidi Rongved	AP	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Trond Olav Magnussen	H	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Erlend Hesjedal-Johannessen	H	

---

### Andre møtande:

Atle Fasteland, Lin Tove Thomassen

---

### Saksliste

SAKSNR      TITTEL

- 66/2019      GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE  
67/2019      GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL  
68/2019      BERGSDALEN SKULE  
69/2019      GJENNOMGANG AV HELSE- OG OMSORG - MANDAT  
70/2019      DETALJREGULERINGSPLAN FOR DALE STASJON, PLANID 2018001. GODKJENNING



Vaksdal kommune



**66/2019: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 23.10.2019**

**Behandling:**

**FPØ - sak 66/2019 Vedtak/Tilråding:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

---

**67/2019: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 23.10.2019**

**Behandling:**

**FPØ - sak 67/2019 Vedtak/Tilråding:**

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

---

**68/2019: BERGSDALEN SKULE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Formannskapet tilrår at rådmannen kan gå vidare i prosessen slik at innbyggjarane i Bergsdalen kan overta skulen. Finansiering ved bruk av fond og kommunestyret vil få sak om finansieringa i sak om årsavslutning i desember.

På bakgrunn av vedtak i sak frå 32/2016 er formannskapet delegert mynde i saka, men bruken av midlar må opp i kommunestyret j.fr kommunelova.



Formannskapet godkjenner rammene for prosessen;

1. *Innbyggjarane i Bergsdalen, 22 representantar, vil vera med på å skipa eit nytt lag med føremål å eiga og drive skulen vidare til beste for bygda. Arnfinn Trøen er førebels representant for laget.*
2. *Vaksdal kommune vil, saman med representantar frå Bergsdalen, gå gjennom bygget og sjå kva stand det er i. Bygget skal vere i «akseptabel» stand ut frå at det er vel 40 år gamalt. Skulen skal ikkje oppgraderast til standard 2020.*
  - a. *Ut frå kva stand bygget/bygga held, og omkostninga ved overdraginga, vil det nyopprettet laget i Bergsdalen få eit tilskot frå kommunen. Tilskotet er eit eingongstilskot på mellom 500 og 750.000 kroner.*
3. *Etter synfaring og statusrapport for bygget er prosessen tenkt;*
  - a. *Regulerings-, og bruksendring samt privatrettslege krav må avklarast og ryddast i.*
  - b. *Juridiske og økonomiske tilhøve rundt eventuell overdraging til bygda må klarerast.*
  - c. *Endeleg kontrakt må opprettast der eit nyskipa bygdelag med eige organisasjonsnummer overtak ansvar og drift av «gamle» skulen i Bergsdalen.*
4. *Bygget, skulen i Bergsdalen, skal nyttast til samfunnsgagnlege føremål.*
5. *Om ein etter nokre år ser seg nøydde til å avhende bygget skal salsinntektene med frådrag for kostnader ved sal, regulerings- og bruksendring samt rettmessige privatrettslege krav vert sett av til eit fond til utvikling av Bergsdalen.*

## Formannskap/plan- og økonomiutvalet 23.10.2019

### **Behandling:**

Boris Groth (FRP) stillte spørsmål ved sin habilitet i saka. Formannskapet vedtok samråystes at Boris Groth ikkje er ugild i medhald av fvl § 6 e) punkt 2.

Thor Andersen (AP) kom med forslag til tilleggspunkt til rammene i prosessen:

"Skolen i Bergsdalen skal ikke brukes til ordinær opplæringsdrift etter overdragelsen fra Vaksdal kommune."

Det vart først røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samråystes vedteke.

Det vart etterpå røysta over tilleggspunkt til rammene i prosessen frå AP:

3 medlemmer, Kjartan Haugsnes (SV), Thor Andersen (AP) og Heidi Rongved (AP), stemte for forslaget og 4 medlemmer, Hege Eide Vik (SP), Amalie Johnsen Lunde (H), Trond Olav Magnussen (H) og Boris Groth (FRP), stemte mot.

Tilleggsforslaget fekk 3 stemmer og falt.

### **FPØ - sak 68/2019 Vedtak/Tilråding:**

Formannskapet tilrår at rådmannen kan gå vidare i prosessen slik at innbyggjarane i Bergsdalen kan overta skulen. Finansiering ved bruk av fond og kommunestyret vil få sak om finansieringa i sak om årsavlutting i desember.

På bakgrunn av vedtak i sak frå 32/2016 er formannskapet delegert mynde i saka, men bruken av



midlar må opp i kommunestyret j.fr kommunelova.

Formannskapet godkjenner rammene for prosessen;

1. *Innbyggjarane i Bergsdalen, 22 representantar, vil vera med på å skipa eit nytt lag med føremål å eiga og drive skulen vidare til beste for bygda. Arnfinn Trøen er førebels representant for laget.*
  2. *Vaksdal kommune vil, saman med representantar frå Bergsdalen, gå gjennom bygget og sjå kva stand det er i. Bygget skal vere i «akseptabel» stand ut frå at det er vel 40 år gamalt. Skulen skal ikkje oppgraderast til standard 2020.*
    - a. *Ut frå kva stand bygget/bygga held, og omkostningar ved overdraginga, vil det nyopprettet laget i Bergsdalen få eit tilskot frå kommunen. Tilskotet er eit eingongstilskot på mellom 500 og 750.000 kroner.*
  3. *Etter synfaring og statusrapport for bygget er prosessen tenkt;*
    - a. *Regulerings-, og bruksendring samt privatrettslege krav må avklarast og ryddast i.*
    - b. *Juridiske og økonomiske tilhøve rundt eventuell overdraging til bygda må klarerast.*
    - c. *Endeleg kontrakt må opprettast der eit nyskipa bygdelag med eige organisasjonsnummer overtek ansvar og drift av «gamle» skulen i Bergsdalen.*
  4. *Bygget, skulen i Bergsdalen, skal nyttast til samfunnsgagnlege føremål.*
  5. *Om ein etter nokre år ser seg nøydde til å avhende bygget skal salsinntektene med frådrag for kostnader ved sal, regulerings- og bruksendring samt rettmessige privatrettslege krav vert sett av til eit fond til utvikling av Bergsdalen.*
- 

## 69/2019: GJENNOMGANG AV HELSE- OG OMSORG - MANDAT

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret ber rådmann hente inn ekstern bistand til gjennomgang av tilbod, kvalitet og ressursbruk i helse og omsorg. Analysen skal gjelde både dagens situasjon og framtida og skal vurdere våre tenester opp mot sentrale føringer og utviklingstrekk innan sektoren. Gjennomgangen skal sjåast i samanheng med øvrig organisering og drift i kommunen.

### Tilleggsforslag frå Sp, SV og Høgre

1. Mandatet må ta utgangspunkt i kommunestyrevedtaket 17.06.2019, PS 37/19
2. Politisk plattform frå Sp, SV og Høgre:

Partia er einige om ein full gjennomgang av helse og omsorg i Vaksdal kommune.

Arbeidet skal starte med dette som utgangspunkt:

- Målsetting om redusert bruk, avvikling bruk private vikarbyrå.
- Involvering av tilsette og pårørande i alle prosessar
- Heile faste stillingar
- Innsikt budsjett og påverknad lokalt på avdelingane
- Auka grunnbemannning
- Organisering og bemanning heimetenestene
- Tal sjukeheimsplassar



3. Sentrale utviklingstrekk og føringar herunder endringar for sektoren i forslag til statsbudsjett for 2020 og utvikling av mellom anna institusjonskjøken og anna.

## **Formannskap/plan- og økonomiutvalet 23.10.2019**

### **Behandling:**

Rådmannen ba formannskapet om å vurdere om saka skal vidare til kommunestyret. Formannskapet samtykka til dette.

Kjartan Haugsnes la fram eit tilleggforslag frå SP, SV og H.

Thor Andersen (AP) la fram eit ønske om at det vart etablert eit trepartssamarabeid mellom politisk, administrativ og tillitsvalde alliereie i bestillingsfasa. Heidi Rongved (AP) trakk tilbake ønske i møtet og orienterte om at arbeidarpartiet vil vurdere å kome med eit nytt forslag når saka kjem til handsaming i kommunestyret.

Det vart først røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak:  
Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samråystes vedteke.

Det vart etterpå røysta over tilleggsforslaget til SP, SV og H:  
Tilleggsforslaget frå SP, SV og H vart samråystes vedteke

### **FPØ - sak 69/2019 Vedtak/Tilråding:**

Kommunestyret ber rådmann hente inn ekstern bistand til gjennomgang av tilbod, kvalitet og ressursbruk i helse og omsorg. Analysen skal gjelde både dagens situasjon og framtida og skal vurdere våre tenester opp mot sentrale føringar og utviklingstrekk innan sektoren. Gjennomgangen skal sjåast i samanheng med øvrig organisering og drift i kommunen.

1. Mandatet må ta utgangspunkt i kommunestyrevedtaket 17.06.2019, PS 37/19
2. Politisk plattform frå Sp, SV og Høgre:

Partia er einige om ein full gjennomgang av helse og omsorg i Vaksdal kommune.  
Arbeidet skal starte med dette som utgangspunkt:

- Målsetting om redusert bruk, avvikling bruk private vikarbyrå.
- Involvering av tilsette og pårørande i alle prosessar
- Heile faste stillingar
- Innsikt budsjett og påverknad lokalt på avdelingane
- Auka grunnbemannning
- Organisering og bemanning heimetenestene
- Tal sjukeheimspllassar

3. Sentrale utviklingstrekk og føringar herunder endringar for sektoren i forslag til statsbudsjett for 2020 og utvikling av mellom anna institusjonskjøken og anna.
-



**70/2019: DETALJREGULERINGSPLAN FOR DALE STASJON, PLANID 2018001. GODKJENNING**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 godkjenner kommunestyret detaljreguleringsplan for Dale stasjon, planid 2018001, slik det går fram av plankart, føresegner og planomtale datert 27.09.2019, signert Multiconsult AS.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 23.10.2019**

**Behandling:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samråystes vedteke.

**FPØ - sak 70/2019 Vedtak/Tilråding:**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 godkjenner kommunestyret detaljreguleringsplan for Dale stasjon, planid 2018001, slik det går fram av plankart, føresegner og planomtale datert 27.09.2019, signert Multiconsult AS.

---



## Spørsmål frå medlemmer i formannskapet til rådmannen:

### Spørsmål frå Heidi Rongved (AP)

I førre kommunestyremøte vart det sett fram ein interpellasjon ved bruk av dobbeltrom på Daletunet. Reaksjonar frå ulike hald i ettertid, tilseier at svaret frå ordførar ikkje var korrekt. Politikarar må kunna vere trygg på at rådmannen svt før at informasjon som vert gitt er korrekt. Heidi Rongved ønsker at same spørsmål vert svart ut i neste kommunestyremøte.

**Svar frå rådmannen:** Saka er teke tak i.

### Spørsmål frå Kjartan Haugsnes(SV)

Vaksdal kommune nyttar programmet Vigio. Vi har lest i media om alvorlege sikkerheitsbrot ved bruk av dette systemet i Bergen kommune. Har vi gode nok rutinar for å ivareta dette programmet i Vaksdal kommune? I tillegg vedtok eit samråystes kommunestyre i sak 29/2017 at administrasjonen skulle komma attende til kommunestyret med blant anna informasjon om datahandsamingsavtale m.m. for Vigio. Dette har ikkje blitt gjort.

**Svar frå rådmannen:** Vaksdal kommune har god kontroll på oppfølging av system, likeins IKTNH. Vi er ein liten kommune med god oversikt og er sikra så lang vi kan. Vi kan ikkje sikre oss mot menneskeleg feil, men arbeider kontinuerleg med å ivareta sikkerheita. Politisk leiing må vurdere om de ønskjer å ta opp sak 29/2017 på nytt.

Det var lagt fram eit ønske om å få ein gjennomgang frå IKTNH som omhandlar innføring i system og teknisk gjennomgang med t.d. korleis bruke møteportal m.m. i tilknyting til eit kommunestyremøte.

### Spørsmål frå Thor Andersen (AP)

Finns det ei ordning for folkevalde som omhandlar innkjøp/bruk av digitale verktøy? For periode 2011-2015 vart ei nettrettordning prøvd ut. For periode 2015-2019 vart det vedteke ei godtgjersleordning, men ikkje iverksett.

**Svar frå rådmannen:** Dei folkevalde må vurdere kva som er ønskeleg og det må deretter lagast ei sak

**Innspel frå ordførar:** Ombudsutvalet må få opp saka så snart som mogleg.

### Orienteringar/drøftingar frå rådmann:

- Budsjettseminar for kommunestyret vert gjennomført i Dale med middag på Elvahuset mandag etter møtet.
- Rådmannen ønsker meir informasjon vedkomande nytt utval.
- Kristin Maurstad skal gjennomføre folkevaltopplæringa. Dersom formannskapet ønsker å kome med innspel til innhaldet, ta kontakt eller send e-post til rådmannen.
- Næringselskap og organisering vil kome som politisk sak
- Det må oppnemast nye personar med vigslerett. Rådmannen foreslår at Ann Kristin Bolstad, rådmann, ordførar og varaordførar vert oppnemnd og jobbar videre med dette.
- Det må oppnemnast nye deltakarar i prosjekt for Biosfæreressatsinga i Nordhordlandsregionen.
- Legevakt- og sjukehustilbodet og vidare samarbeid med Voss eller Bergen kommune. Kva ønsker kommunen vidare?
- Meiroffentleg kommune. Rådmannen ønsker opne kalendrar for ordførar og rådmann (tilgjengeleg for innsyn).
- Informasjon om NAV: NAV stat har auka bemanninga med ei halv stilling. I dag er det NAV kommune som handsamar skjenkesakene. Desse ønskjer rådmann å flytte frå NAV.
- Innspel til planlegging av møteplan for 2020: Rådmannen ønsker å flytte politisk møtedag til torsdag frå 2020, og ber i tillegg formannskapet om å vurdere om nokre av



kommunestyremøta skal gjennomførast på kveldstid. Medlemmene ønsker å diskutere dette i kommunestyret. Rådmannen kjem til å lage ei sak til diskusjon i kommunestyret.

- Rådmannen har fått tilbakemelding om at det er eit ønske om ei orientering i kommunestyret vedkomande Landssamanslutninga av vasskraftkommunar (LVK). Eirik Haga vil bli spurt om å orientere kommunestyret om dette.
- Det vil bli laga ei politisk sak som omhandlar inngangspartiet i heradshuset.
- Gradert sak som omhandlar personlege forhold vart diskutert utan sekretær og presse til stades.